

## Informasjonsskriv II om omorganisering av helse- og omsorgstenestene og flytting til Helsetunet.


### Avdelingsstruktur for tenesteeining førebygging og meistring

Eg viser til forrige infoskriv om omorganisering av helse- og omsorgstenestene. I skrivet stod det m.a.:

«Ny organisering vil bli sett i verk frå 1.1.2021. Før iverksetting vil det vera behov for følgjande tiltak:

1. Avklare korleis korttid/avlasting (3. etasje i Helsetunet) skal fordelast/plassert i høve dei tre avdelingane på tenesteeininga.

Vi har hatt drøftingsmøte med dei tillitsvalde om punkt 1, fordeling/plassering av korttidsplasser i 3. etasje i Helsetunet. Eg har, på bakgrunn av denne drøftinga, kome til at ansvaret for rehabiliteringssengene i 3. etasje vert lagd til avdeling for rehabilitering og meistring, medan sengene for avlasting m.m. i 3. etasje vert lagd til avdelinga Gruppe nord. Organisasjonskartet for helse og omsorg vil frå 1.1.2021 sjå slik ut:



### Ny turnus

Eg hadde ønska at vi allereie no hadde sendt ut ny turnes, med fordeling av tilsette og stillingsstorleikar i tenesteeining førebygging og meistring og tenesteeining institusjonstenester. Det har vi diverre ikkje klart. Vi må først ha på plass ei avtale med dei tillitsvalde. I går hadde vi møte med dei lokale tillitsvalde, eit godt og konstruktivt møte. Der vart det avklart at avtalen ikkje kunne gjerast lokalt slik vi hadde håpa på, men må gjerast med dei sentrale partane. Avtaleutkast vart sendt over til dei sentrale partane i går kveld, og vi håper på snarleg avklaring med dei. Straks naudsynt avtalar er på plass, vil tenesta sende ut informasjon om ny turnus.

## **Flytting til Helsetunet**

I disse dagar blir det gjennomført ferdigsynfaring på bygget. Så langt har vi ikkje funne store feil og manglar. Etter ferdigsynfaringa vil kommunen overta bygget, og vi kan flytte inn møblar og anna laust inventar, hengt opp gardin m.v., prøvedrive det tekniske anlegget, lære å bruke velferdsteknologien, nytt kjøken, nytt vaskeri m.v., gjennomføre reinhald av heile bygget og til slutt, før innflytting, smittesannere bygget. Det er laga ein detaljert plan for alle desse aktivitetane, slik at aktivitetane kjem i rett rekkefølge. Innflyttinga og uttestinga av bygget vil skje gradvis i løpet av januar. For brukarane og flesteparten av dei tilsette vil flyttinga skje frå **tysdag 26. januar**. Vi håper på godt flyttevær den dagen! Det vil bli ein hektisk og spanande periode for mange, både før og etter 26. januar. Eg håper alle er klar for nytt bygg og klar for «flyttesjauen».

Tingvang, 4. desember

Jostein Aanestad

rådmann